



HØGSKULEN I VOLDA

Avdeling for mediefag

Høgskulen i Volda

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:  
Joplassvegen 11  
6103 Volda

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no

DYKKAR REF: VÅR REF: DATO:  
14/4108 15/00055 08.01.2015

## Høyringsuttale –Rammevilkår for lokalradio i forbindelse med digitaliseringen av radiomediet

Vi viser til departementets høyringsbrev av 28.10.14.

Radio Volda, representert gjennom Høgskulen i Volda, meiner at departementet må sikre mindre ikkje-kommersielle lokalradioar tilgang i DAB-nettet. Departementet har lagt opp til at utbygginga skal vera aktørstyrt, men det er opplagt at enkelte områder er mindre kommersielt interessante for eventuelle utbyggjarar enn andre områder. For å bevare mangfaldet i radionettet ser me difor helst at departementet sikrar utbygging av lokalnettet også i dei områda der det ikkje er kommersielle interesser for eventuelle utbyggjarar.

Når det gjeld dei ulike modellane som er skissert meiner Radio Volda at departementet bør gå for modellen som er framlagt som forslag 2 i Medietilsynet sin rapport under punkt 4.2, altså at det må reserverast kapasitet til mindre lokalradioar i kvar region. Radio Volda meiner at det eventuelt bør reserverast kapasitet mot betaling av ein fastpris slik det er skissert i forslag 3, punkt 4.3 i Medietilsynet sin rapport. Desse to modellane kan sikre eit mangfold også i den digitale radioen gjennom at kostnadane for dei små, ikkje-kommersielle stasjonane vert så låge som mogleg. Dei fleste små radiokanalar er drivne på dugnad og frivillig basis og har ikkje økonomi til å betale seg inn i ein kommersiell marknad.

Med helsing

Sverre Liestøl

dekan

Jørgen Warvik Lyngvær  
redaktør Radio Volda